4. Kva med raddisar som Genet og Hoel, som ikkje skreiv meir folkeleg enn proto-fascistane Celine og Hamsun, spar han vidare? Tja, at Celine og Hamsun var fascistsympatisørar, skal ikkje eg protestere på. Men Jean Genet si glorifisering av fylleproletariatet vart torpedert av Marx og Engels nesten eit hundrår før. Og Sigurd Hoel lyt nok heller kallast liberal intellektuell enn opprørsk radikalar.

I språkval kan Hamsun og Hoel jamførast. Hamsun bygde på sitt beste på nordlandsmalet og vart med det ein språkleg nyskapar: «De pratet og pratet i sitt forunderlege nordlandsspråk, det var mange påfallende ord, uventede ord. Det var ravgalt inntil kunst», skriv han ein stad. Hoel sleit seg med stor møyve vekk frå odalsmalet og gjorde det stivna riksmalet til Oslo-borgarskapet til sitt eige. Med det vart han lite anna enn ein språkleg kopist.

OLAV RANDEN



Det franske skal ein ikkje tukle med, då kjem fy-orda haglende, påpeiker debattanten.

Foto: Bernt Eide

Språkleg og nasjonal undertrykking er for det meste sjølvundertrykking. Den sterkeste ideologiske undertrykkinga er å forme kva som er opphav, kjønn, nasjonalitet og språk, skriv Anders M. Andersen.

Anders M.
Andersen er
snatt ved
Høgskolen i
Stavanger



Språkleg sjølvundertrykking

ATENGELSK er engelsk, og dansk er dansk, er vissit ikke noko problem. Men for Knut Johansen er det tvil om norsk er noko som finst. Han har hatt fire kronikkar i Aftenposten 3. og 9. april der han også insisterer på at skrift ikkje skal ha noko å gjera med tale, der han sameleis insisterer på å sjå bort frå språkundertrykking (eller klassekamp) og der han påstår at nynorsk avviser den moderne verda.

Endå sterke er, om mogleg, påstandane som ligg innebygde i kronikkane, og som han ikkje seier rett ut. Då må ein, for å vera med på tankgangen, vera med på at individet er uviktig, sameleis som eiga taalemål er uviktig, at mersmål er skriftsmål, at purisme ikkje finst i andre mål enn (ny)norsk. Under alt i hop ligg den suverene logikken at norsk finst visst ikkje, men at bokmålet i alle fall er norsk.

Så sterke påstandar og så sterk ideologisering må til, for det Knut Johansen prøver på er å reissa opp igjen den gamle orden i språkforståinga her til lands. Dette gjer han ved å formulera gamle dogme på ny måte. Han seier ikkje at folkemålet er styt, feil, mindreverdig og uforståelig, slik det heitte før. Det skal berre ikkje ha noko med skrift å gjera. Og der er han på linje med det Riksmaalsforbundet alltid har stått hardt på.

Å seta at skrift kjem av skrift og at ein lærer å skriva av å skriva, er enkelt nok, og banalt. Det er òg rett nok at ein aldri kan skrive tale. Sone dogme og kren blir det urimelig og gale. I levande mål vil skrift likna på tale. Setningane og orda skal heilest kunne seiest. At det likevel aldri blir tal språk nytta Knut Johansen til å gjera taalemålet uviktig, det som i fleire hundre år var den einaste norske.

Dette knepet er nødvendig når det skal insistere på bokmålet som språkleg autoritet og overnorn. I fleire hundre år eksisterte norske språk berre som taalemål, som dialektar. Dansk var einaste skriftsmål. Då er det for Knut Johansen å gå tilbake til den gamle tvilen om det finst noko norsk, tvilen og trua som rødde for Aasen i 1848 og 1850 dokumenterte at dette målet finst, som taalemål.

Før Knut Johansen er det ikkje enkelt at det norske folket talar norsk. Vi kan sjølv sagt spørja om alt norske seier er norsk, om *Shut! Roughly* og *Mind you!* er norsk. Men problemet for Johansen ligg ikkje der. Han reiser ein grunnleggande tvil, om det finst noko som er norsk. Slike spørsmål kan resultere mot alt, slik han gjorde Pilatus, då han spurde: Kva er sanning?



Når Knut Johansen fyrt tvilat bort norsken, får han og vekk dansken. Dei «norske» forfattarane frå Ludvig Holberg og frametter skreiv kanskje ikkje dansk? spør kronikeren.

Filosofane har ulike svar. Nokre meiner at slike spørsmål og svare på dei er meiningslausne. På den måten kan ein leysa opp alt, om ein berre spor vidt nok og allment nok. Kva er t.d. Johansen? ja, Knut Johansen og Asmund Johansen er greitt, men berre Johansen? Fins Johansen? Kva er meinung? Kva er «kva», og kva er «er»? Er noko norsk? Er meinung berre meinung?

Når Knut Johansen fyrt tvilat bort norsken, får han og vekk dansken. Dei «norske» forfattarane frå Holberg og frametter skreiv kanskje ikkje dansk? For danskanne var dansken deira god nok. Men frå et viss tidspunkt skulle dette målet vera norsk og heita norsk. Når et mål som ikkje var norsk skulle heita norsk, var nasjonalistisk ideologi nødvendig. Eitt og anna «særnorsk» ord (orda elles var føles norsk-danske eller rein danske) og vips, så var målet norsk. Professor i riksmalet, Didrik Arup Seip, var hovudideologen for bokmålet, og streva alltid etter å påstå og påvisa at kjende danske ord og ordformer «eigentleg» og likså vel var norske.

Bokmålsideologien er seinare blitt meir og meir nasjonalistisk. Dette går parallelt med ein streng purisme i bokmålet mot norske ord, mot all folkelag norsk tale i by som i bygd. Vanlege norske ord går for å vera «vulgære» eller «bondske» og blir nytta berre unntaksvis, helst i hermeteikn. Endå strengere er purismen mot det gjennomgående grammatiske systemet i norsk, så som tri kjønn av substantiv og boyinga av svake verb. Norsk bokmål er såleis eit nasjonalistisk bedrag.

Den gamle loysinga på problemet var kravet om «dannet tale, korrekt riksmalet, det dannede talesproget i byene». Dette var norsk uttale av det danske språksystemet, og har forandra seg svært lite. Dei siste 20-25 åra har dette taalemålet gått meir og meir av bruk, og held seg no heilt i NRK.

Derved går mykje av det danske og nordsvenske ordtsifanget i bokmålet og av bruk. Med purismen mot folkemålets bokmålet blir det då ei lett og vanlig loysing å ty til engelske og svenska ord. Dette skal så gjerast til et pluss ved bokmålet. Det er så ope for alt nytt (endå danskanne tykkjer det er gammaldags).

Fordi så mykje av ordtsifanget i bokmålet ikkje er vårt eige, blir det gjerne stift og ufolkeleg. Det blir vanskeleg å skilja frå einannan levande og daudt i målet, fordi det ikkje bygger på levande norsk tale. Det er ikkje så enkelt å seta kva som er galt med uttrykk som desse, anna enn at ingen seier slikt.

«Umiddelbart kunne Pozo forsverge at det lindret. Alle egnens gutter. Flidigheten vedvarte. Hans besatthet var manisk». Mange veit ikkje kva meinung er med ord som «forfode» og «forsverge», og grunnen til det er innlysande. I Danmark skjønar alle desse orda. Der er dei ikkje forelda.

På grunn av eigne på andre ordla-

nok sers for nynorsk og utvidar han til det meiningslausne ved å påstå at nynorsk avviser ordtsifanget i store delar av det moderne tilverket og nemner industri og krigsmakt som slike område. Ein skulle tro han aldri las nynorsk.

Mange trur, at Knut Johansen meiem dei, at purisme ikkje finst i dei store måla, dei såkalla kulturmåla. Ser ein på språkhistoria, ser ein at i alle mål skifter det mellom periodar med purisme og påverknad utanfor. Ein finn dette i svensk, finsk, dansk, tysk. Fransk har vore strengare enn dei fleste.

Engelsk med blanda opphav – har ord frå leire andre mål, mellom anna norsk. Men det var for mange hundre år sidan, og engelsk har lenge vore avvisande mot framandt tilfang. Så det heller ikkje noko serlig til argument mot nynorsk.

Til slutt er det språkundertrykkinga som skal og må bortforklara. Overgangen frå tri til to kjønn kan ikkje forklara som språkundertrykking, er Knut Johansen si påminning. Og det må ein slutta seg til, når ein held seg til det landet der denne overgangen gjekk føre seg. I Danmark var overgangen til kjønn truleg ikkje resultat av tvang. Men, og det skulle kanskje by på visse problem for han; denne overgangen gjekk føre seg i det danske taalemålet.

Til oss kom desse til kjønn derimot med det danske skriftmålet. Å nyttja det eller la det vera var som kjent ikkje frivilig

villig. Det var ei språkundertrykking som var både skriftmålet på den ukjarklare av den nasjonale undertrykkinga som gjorde at vi ikke fekk ha vårt eige skriftmål og heller ikkje våre eigne kulturinstitusjonar.

Språkhistoria vår og den målstoda vår i dag med nøyrest skriftmål på 1800-talet og fleire skriftmål i landet, er slett ikkje slikt sersyn som Knut Johansen prøver å få til. Det er det same for mange andre land i Europa og andre stader som har vore koloniar på eitt eller anna vis. Det gjeld Island og Færøyane, og ei rekke land i Aust-Europa. Skilnaden er at den språklege frigjeringa er koren kortare hos oss enn dei fleste slike land.

I staden for å klaga over dette vil eg sei at det er berre å bli med. Det morrar meg at Knut Johansen må ty til så mykje omskriving og formektig når han vil motarbeida det norske målet. Men språkleg og nasjonal undertrykking er for det meste sjølvundertrykking. Den sterkeste ideologiske undertrykkinga er å nekta at menneske og menneskelege eigenskapar finst, å fornekta opphav, kjønn, nasjonalitet og språk. For meg er dette klassekamp

**Under alt i hop
ligg den suverene
logikken til
Johansen at norsk
finst visst ikkje,
men at bokmålet i
alle fall er norsk**

Vel me nynorsk, vel me å stå i mot den norske varianten av den internasjonale språklege svartedauden, skriv Hans Olav Brendberg i denne siste kronikken om norsk språk.

Hans Olav
Brendberg
i denne siste
kronikken om
norsk språk.



Den språklege svartedauden

DET FINST i dag vel 6000 språk på kloden. Men helvти av folket i verdi snakkar kinesisk, engelsk, spansk, russisk eller hindi. Vel 3000 språk vil truleg døy ut med min generasjon. Berre 600 – um lag ti prosent – av språk i verdi er nokolunde trygge.


Det nye i dette biletet er tempoet – språkdaude hev me hatt lenge. For i klæggjera kvifor eg meiner Knut Johansen (KJ) tek i miss når det gjeld språk, vil eg koma med nokre påstander:

1. Samanboret til språklege og kulturelle identitetar reiser viktige og sær samansette spursmål når det gjeld å halda i hevd den økologiske overlevingsevna til menneska. Slik eg ser det, minkar forrådet vårt av naudsyn kunnskap som følgje av språkdauden. Detta vil eg ikkje gå nærmare inn på her - om KJ er usamd, fær me heller ta ordskiftet. I staden vil eg knima med to påstander til: 2. Språkutviklinga i Noreg er i prinsippet styrt av dei same mekanismene som trugar fleirtalet av språk i verdi på livet. 3. Målreisingi er ein variant av den viktigaste motkrafta mot språk- og kulturdauen på vårt kontinent: Kulturasjonisme.

«Langsomt ble landet vårt eget», skriv Nordal Grieg. Ein kan knapt finna betre namn på dei indre landnamnet der nordmenn lærde å nyttja ut ressursgrunnlaget i landet opp mot moderne tid. Dette indre landnamnet var gjort av ein ikkje-skriftleg kultur. Etter krigen hadde berre ein liten del av det norske folket utdanning som rokk lengre enn sju-årig folkeskule. Men trass i mangelfull skolegang: Detta var ikkje noko kunnakapslaust samfunn. Men kunnakapsformidling skjedde i stor grad på sida av formalisert utdanning og skriftkultur. Heilt til midten av 70-talet var det bygt båtar langs kysten heilt opp til 70-80 fot utan arbeidsstekning. Folk lærde å byggja båtar med å voksa opp i spondungen.

Kunnskapen i tradisjonelle næringer var ikkje statisk: Kystfiske, båtbygging, jordbruk og husbygging var gjennom store, teknologiske utveltingar, som id. då motoren vart inført i kystfisket. Men dei teknologiske utveltingane sprengde ikkje råmene for tradisjonsformidlinga. Den nye kunnskapen som trongst vart tildeigna – og formidla vidare på tradisjonelt vis. Og basisen var heilte tidi kunnskap um lokale ressursar.

Det som har skjedd siste åttendelet er at dei tradisjonelle formene for kunnskapsformidling i stor grad hev brote saman. Uformell læring gjennom arbeid er bytt med institusjonalisert utdanning og fagspesialisering. Sjølveig-



Irsk språk kollapsa i tidi kring den store hungersnæudi, og forsvann med unntak av nokre få umråde langs vestkysten. Likevel lever irsk mål den dag i dag, og er faktisk litt på frammarsj.

Foto: Peter M. Johansen

de, tradisjonelle næringer er kvista ned til eit minimum, til fordol for arbeidsdeling over ein arbeidsmarknad dominert av nokre få, store norske kapitalistar.

Detta er ikkje noko særnorsk utvikling – me finn liknande utviklingsmyster over alt i verdi. Og det er i kjølvatnet av denne prosessen at lokale samfunn og identitetar bryt saman, generalsjonsskifta i tradisjonsberga stoggar opp – og språk dør.

Språkspursmålet i Noreg dukka opp tideleg i denne prosessen. Den nye staten som vart skipta i 1814 hadde eit skriftspråk som var nasjonalt tilsvaamt. To strategiar vart formulert: Den eine var at norsk skriftkultur måtte vera ei vidareføring av den danske, den hine at norsk skriftkultur måtte byggja på skriftestning av eit skriftaust folkekåll. Detta er den klassiske konflikta i norsk målstrid, som i all hovudsak fastsette posisjonane fram til siste krig.

Slik eg ser det, er detta ein konflikt um tilhøvet til den tradisjonelle, munnlege norske kulturen. Medan nödløket mente ein nasjonal skriftkultur måtte ta utgangspunkt i og gje rom for dei norske målføri, slåss hi sidan mot oreigning av den kulturelle kapitalen det etablerte skriftspråket gav dei. Problemet i norsk språkhistorie er slik eg ser det ikkje at det hev vere ein overklasse eller elite som har dyrt fram skriftkulturen. Slik er det og vil det til ein viss grad vera alle stader. Problemet er, slik Ivar Aasen understrekar i fortalen til «Norsk Grammatik,

at denne eliten hev valt å dyrka fram eit anna språk enn folket sitt.

Detta problemet gjeld ikkje spesielt det som hev bore identifisert som «borgarskap», «hogresida» eller liknande i norsk soge. Det gjeld i like stor grad dei elitane som hev bore oppje tradisjoneell, norsk radikalisme, sjølv um det er eit markert skilje i sivilisasjonsnivå mellom Arnulf Øverland og Helge Krog. Norske radikale intellektuelle hev stort sett gjort som Agnar Myklebust – dei hev skore av seg den norske busti i enden. Argumentet hev vore mange. Mykle mente at den sunnmørkske imperialismen truga fridommen i landet. Knut Johansen, som Jens Arup Seip, sokjer tilflukt i austnorsk ljosutvikling i norrøn tid.

Språkdaude skjer til vanleg i overgangen fra munnleg kultur til skriftkultur. Takk vera Ivar Aasen greidde norsk folkekåll dette steget. Detta var den norske varianten av ei sams, europeisk nörla: Motstanden mot kulturell harmonisering vart kring midten av første hundreåret formulert som politiske, kulturasjonalistiske program. Den kulturelle variasjonen hev i Europa, hev me i stor grad på grunn av den kulturelle nasjonalismen. Fram til siste krig kunne målreisingi tufta på sjølvstendige, sjølmedvitne og livskraftig bygdesamfunn. I løpet av fire tiår vaks nynorsk som skulespråk frå mest å inenting til å verta opplevelserspråk for umlag 1/3 av folket. Han møtte først veggen då det sosialdemokratisk teknokratiet stoypte um bygde. Noreg i sitt bilde i den proses-

Som det heitte i den patriotiske fasen i norsk nasjonsbygging: Elskar du folket i Noregs dalar, so elskar du målet som folket talar

sen og har skissert over. Detta krev en gjennomtenking av posisjonane i norsk språkpolitikk.

Det tradisjonelle svaret til målversets etterkrigstid er vore å konsolidere kjerneumrådet i vestlandske bygdesamfunn, kryta nynorsk til regional identitet og sikra nynorsk som jammest stått riksmål gjennom lokvern i offentlig teneste. Det er dette svaret som i dag byrja saman. Gjenom privatsering, klassifisering vert verdien av mållovi kraftig devaluert, og gjennom næringspolitikken vert kjerneumrådet økonomisk marginalisert. Upphevningi av NRK-monopoli set i sving liknande mekanismar.

Skal byoksen og norsk folkemål overleve den språklege svartedauden og aller helst koma gjennom dette seg sjølv likt, lyt me sjå på kva rom som finst utanom tradisjonelle kjerneumråder. Irsk språk kollapsa i tidi kring den store hungersnæudi, og forsvann med unntak av nokre få umråde langs vestkysten. Likevel lever irsk mål den dag i dag, og er faktisk litt på frammarsj. Fundamentet for at irsk mål hev overlevd hev vore at ein engelsk-språkleg, nasjonalistisk miljøklassen gjennoppdagde språket på 1890-talet, og sent i gang ei rørsla for å lara trær irsk som andre språk. Viktige delar av irsk litteratur er skiven av folk som hev lert seg irsk i vaksen alder.

Det språkpolitiske valet for kvar er skild av oss er i grunnen også enkelt: Me hev to skriftspråk, og kvar av oss kan velja frira kva mål vi skal vera grunnlaget for norsk skriftkultur i framtidi. Vel me nynorsk, vel me å stå i mot den norske varianten av den internasjonale språklege svartedauden – avdi nynorsk er det ei-

neste av skriftmåli som let norsk språktradisjon koma til orde på eigne premiss. Detta kan ikkje koma i staden for å forsvara norske bygdesamfunn med sterke tradisjonsformidling enn Block Vatne-ghettoane. Men kva tasterme vel på fastaturet er ei sak me hev meir beinveges innverka på enn des sosioøkonomiske prosessane som skaper det tradisjonelle, norske bygdesamfunnet.

Knut Johansen sin bidrag er å sokje tilflukt i det heilage, alminnelege bokmålsverdet, samstundes som han nekter at språkundetrykking kan føra til større språklege endringer som overgang til to kjan og monoftongering. Med andre ord: Han hev vist sida. Men som det heitte i den patriotiske fasen i norsk nasjonsbygging: Elskar du folket i Noregs dalar, so elskar du målet som folket talar.

Det irske språkkollapset

IRLAND

IVAR Aasen-sambandet kan sikkert mye om norsk språkhistorie. Men lederen, Hans Brendberg, viser i sin kronikk 22. april at han ikke er riktig oppdatert på det *irske* språket. Antakelig ligger ikke ansvaret hos han og andre språkstudenter, men hos universiteteiene. Vi bryr oss sørgetlig lite om okkupasjonen av den grønne øya og hvordan dette har virket inn på irsk kultur gjennom de siste åtte hundre år.

Nå er ikke undertegnede noen ekspert, så min oppfordring til det akademiske miljøet er å trenge dypere ned i historia og kanskje finne andre kilder enn dem som er kongelig godkjent av de engelske historietoikerne. Finn fram *The Penal Laws*. Meg bekjent ble de

vedtatt og satt ut i livet på 1300-tallet, halvannet århundre etter at Henrik den 2. erklærte seg som konge av Irland i 1169. Disse lovene forbød irsk kultur, lover og skikker. I praksis ble det forbudt å lære irsk, synge irsk, snakke språket sitt og bruke det i offentlig sammenheng. Den store sangskatten innenfor tradisjonell musikk forsvant disse årene, fordi sangene var avhengige av muntlig overlevering fra generasjon til generasjon. Det ble dessuten forbudt å eie land, å stemme, å lede offentlig kontor, å praktisere som lege, advokat, handelsmann osv., hvis du var katolikk. Det ble forbudt å eie våpen, det ble forbudt å eie en hest verd mer enn fem pund. Ingen katolikker hadde lov til å ta utdannelse, verken i Irland eller i utlandet. Til slutt ble det forbudt å være katolikk, og

katolske prester både fra Irland og kontinentet ble forfulgt og drept.

Denne epoken er kalt «England's darkest hour». Lovene ble først opphevet på slutten av 1700-tallet, etter at inspirasjonen fra den franske revolusjonen førte en ny bølge av uavhengighet fra England over de ledende protestantene i parlamentet i Dublin. Dermed fikk katolikkene blant annet lov til å begynne å kjøpe sin egen jord tilbake. Men gjennom disse 400 årene forsvant mye av språket, bare de mest avsides områdene i nordvest og nord har klart å praktisere det keltiske språket uavbrutt i disse århundrene.

ANNIKEN DULIN
Tromsø

Austnordisk/vestnordisk – eller språkundertrykking?

Denne kryptiske tittelen er inspirert av Knut Johansen. Han prøver i Klassekampens kronikk 9. april å forføre den sosio-stilistiske kløyvinga i bokmålet (mellanom «konservative» og «radikale» former) ut fra begrepsparet austnordisk – vestnordisk.

SPRÅKSTRIK

HENSIKTA med dette er ukjart, men det ser ut som han på den måten vil trylle bort faktoren «språkundertrykking» som forklaring på språksituasjonen vår. Men forklaringa hans er meir forvirrande enn klargjørende, og dessutan fagleg svært tvilsam.

Johansen hevdar at skiljet austnordisk – vestnordisk deler Norden i to for tusen år siden: Færøysk og islandsk i vest og dansk og svensk i aust, og baserer det på to språkdelege kriterium: diftong vs. Monoftong (stein - sten, laus - los osv.), og tr vs. To kjønn (sola - solen osv.). Norsk, seier han, står i midten fordi både austnordiske og vestnordiske former finst her. Derfor «sprikjer» bokmålet (men nynorsken er «rent vestnordisk»).

For å vise at dette ikkje heng på grep, blir det nødvendig med eit lynkurs i språkhistorie. Det vil vise at begrepa austnordisk og vestnordisk er laga for å beskrive språktilstanden i vikingtid og tidleg mellomalder, og blir meiningslause når dei blir brukte om seinare tider.

Det blir vanlegvis rekna med at språket i Skandinavia var ganske einsarta fram til ca 500 e. Kr. Frå dette «urnordiske» språket utvikla det seg dialektgrupper som med tida skulle bli til norsk, dansk og svensk. Som ei første inndeling har det tradisjonelt vore rekna med ei todeling i ei austnordisk gruppe (gammaldansk og svensk), og ei vestnordisk (dvs. gammalnorsk – færøysk og islandsk) utvikla seg først seinare av gammal sorvestnorsk). Kriteria er ein del språklege trekk som for ein stor del er blitt borte att seinare, men av trekk som har halde seg til i dag kan vi nemne motsetningar som «austnordisk» bo, bro, ko, tro, jeg, stjøle vs. Bu, bru, ku, tru, eg, stele. I tillegg spreidde så forenklinga av diftongar seg frå Nord-Tyskland gjennom Danmark og delar av Sverige frå 900-talet og framover. Skiljet mellom to og tre kjønn er derimot fleire hundreår yngre og har ein heilt annan bakgrunn:

Hovudsaka er likevel at alt i mellomalderen utvikla det seg nye trekk i dansk som sette langt djupare skilje mellom dette språket på den eine sida og norsk og svensk på den andre: «bløde konsonanter», «stød», svekkinga av endingsvokalar (e for allmenn i former som kaste, kaster, kastende i staden for kasta, kastar, kastande osv.). Dei gamle og langt



Knut Johansen (biletet) hevdar at bokmålet strir med eit sosial-stilistisk problem. Det er samfunnsmessige grunnar til det, skriv artikkelforfattaren.

meir overflatisk skilja mellom vestnordisk og austnordisk var dermed blitt heilt betydningslause. I tillegg fekk vi seinare utviklinga av færøysk og islandsk som heilt uavhengige språk som ikkje lenger var forståelag for skandinavar.

Det gir derfor ikkje mening å snakke om austnordisk og vestnordisk lenger, og slett ikkje med tanke på dei formene Johansen nemner. Diftongane er såleis bevarte både i gotlandsk og finlandssvensk, som i alle fall ikkje ligg i vest, og trekjønnsystemet finst i dei fleste svenske dialektar.

I roynda er det svært tvilsamt om begrepa austnordisk og vestnordisk er fagleg haldbare i det heile, jamvel når vi snakkar om vikingtida. Denne inndelinga er ein moderne konstruksjon, der visse språktrekk er dregne fram for å skilje norsk (og færøysk og islandsk) frå dansk og svensk. Men i roynda er det liten grunn til å tru at det nokon gang har funnест noko slik todeling i det heile; det mest trulege er at det berre har vore meir eller mindre jamne overgangar mellom lokale språkvariantar over heile området – ein

mosaikk av dialektar. Einingane norsk, dansk og svensk er nok skapte av statsdanningsa og dei skriftkulturane som knytte seg til dei, ikkje av dialektgrenser ute i «terrenget».

Når bokmålet strir med eit sosial-stilistisk problem i samband med dei formtypene Johansen nemner, så er det samfunnsmessige grunnar til det, nemleg at det danske skriftspråket og ei taalemål bygd på det fekk all prestisjen i det norske samfunnet, og dei norske dialekthane og dei sentrale språkretrekka der mista prestisji – dette siste uavhengig av korleis dei stod i forhold til «austnordisk». Johansen kunne nemnt mange andre tilsvarende motsetnader i bokmålet,

som sjuk-syk, mage-mave, sju-sv, sne-sno, fram-frem, der folkemålsformar er felles med svensk (og ikkje å snakke om alle dei trekka svensk og nynorsk har felles mot bokmål og dansk). Men svensk har altså aldri påverka språklege prestisjeforhold her i landet.

Når Johansen hevdar at endringa frå diftong til enkeltvokal og frå tr til to kjønn ikkje kan vere resultat av språkundertrykking, bremmar han på to plan. På taalemålsplanet har det i

det heile ikkje skjedd slike endringar bortsett frå i bergenst (to kjønn) og ein del austlandske og tronderske dialektar, særleg langs svenskegrensa (diftongforenkling). Dette siste må truleg forklaraust ut frå munnleg språkkontakt, som er eit universell fenomen. Dei endringane som skjedde i og med overgangen frå (gammal) norsk til dansk på skriftmålsplanet (og dermed indirekte på det bokmålnære taalemålet) kan derimot lett forklara med språkundertrykking. Undertrykkinga bestod i at det danske skriftspråket og fekk normstatuslik til folk etter kvart vart indokumentert med at to kjønn og enkeltvokalar var «fint» og «rett», mens tre kjønn og diftongar (blant mye anna) var «vulgært» og «stygt».

Og det er kjernen i spørsmålet den dag i dag: Dei konservative bokmålsformene er sjølv sagt like gode og norske i seg sjølv som dei folkelege, men dei fungerer undertrykkjande så lenge dei har denne statusen som betre og rittare enn dei vanlege tale-målsformene som også har skriftleg tradisjon, i følgeleg bokmål og i nynorsk. Undertrykkinga ligg ikkje i formene, men i holdninga. Derfor er det eit blindspor å prøve å unnvike konflikten ved å ta i bruk dei nokså uvitskaplege begrepa austnordisk og vestnordisk.

LARS S. VIKSFØ

Det irske språkkollapset

IRLAND

ANNIKEN Dulin uppmodar meg i KK 27. april til å finna fram andre kjeldor enn dei som er godkjend av engelske historietolkarar for å få forstand på irsk soge. I tillegg kjem Dulin med ein del forklaringar på attendegangen for irsk mål som eg er redd ikkje held. Straffelovene, Penal Laws, er som Dulin understreker ein viktig del av soga um undertrykkingi av irsk identitet. Men straffelovene retta seg ikkje mot irsk språk og kultur. Dei kriminaliserte derimot den irske, katolske kyrkja og irske katolikkar. Desse lovene skriv seg ikkje som Dulin hevder frå 1300-talet, før reformasjonen, men frå perioden etter krigen under Cromwell-tidi. Ei rad av dei vart oppheva i 1793, resten vart avskipa etter kampanjane til Daniel O'Connell.

Men straffelovene forklårar ikkje samanbrotet til det irske språket. Sjølvsagt vart utviklingi av irsk skrift-

kultur sett attende av at landet vanta eigen stat, og vart administrert på engelsk. Men so seint som i 1776 var irsk i bruk til dagleg over heile landet, utanum to små umråde. Fyrst frå siste halvdelen av 1700-talet byrja den store attendegangen for irsk mål. På dei femti åri frå 1799 til 1851 gjekk irsk attende frå å vera språket til halvdelen av folket til å vera språket til umlag fjerdedelen. På dei neste to generasjonene minka bruken til dagens nivå. Det er soleis ikkje rett at irsk forsvann utom nokre avsides umråde i dei fire hundreåri frå umlag 1300. Dette skjedde langt seinare.

Eit viktig poeng her er truleg at irsk nasjonalisme i stor grad var likesæl andsynes språket fram til slutten av 1800-talet. Irske nasjonalistar hev lagt stor vekt på den formaliserte undertrykkingi av alt irsk i lange perioder av irsk soge. Men den pesten som mesta greidde ta livet av irsk språk var av meir vondarta slag. Det var den sjølvundertrykkingi som serleg skaut

fart etter hungersnaudi, då den tradisjonelle, irske kulturen vart ein del av biletet av gråbeintid og armod for vanlege irar. Og ingi undertrykking ei meir effektiv enn sjølvundertrykking. Ho uttrettar meir på ein ættledd enn all verdis tvangslover kann gjera med hundreår til hjelp. Sjølvundertrykkingi er kreativ, utspekulert og tomodig, og gjev seg ikkje før det ikkje stend Stein attende på stein. I Irland vart ho sjølvsagt forsterka av at foreldri kunne spela på lag med eit skulesvesen som medvite freista gjera unga ne deira til gode britar.

«Støtt lyt det nordmenn vera med, når Noregs merke skal hoggast ned», skreiv Per Sivle. Men det er ikkje noko sernorsk at nasjonal undertrykking i stor grad er sjølvundertrykking. Og eg trur neppe det er å spela på lag med den britiske okkupasjonen av deler av Irland at ein peiker på dette. Snarare tvert um.

HANS OLAV BRENDBERG

To rette og ein rang

I ein dobbeltkronikk i KK 2. og 5. februar argumenterer Knut Johansen mot Olav Randen sin påstand um at "nynorsk, islandsk og (langt på veg) svensk" er døme på skriftspråk som tek upp i seg endringar i talespråket. I all hovudsak er eg samd med Johansen. Og eg meiner, som Johansen, at "skal vi forstå noe som helst av språkutviklingen i Norge de siste hundre eller hundreogfemti år, må ideen om at norsk talemål har endret seg og skriftnormene fulgt etter, utryddes."

Johansen punkterer altso tankerekka til Randen nokso godt, og syner med ei mengd døme at korkje bokmålet eller nynorsken er ljodrette språk. For eigen del kan eg leggja til at velkskapen i tankerekka kann henda er mest openberr når Randen nyttar nyislandske som døme på eit skriftspråk som tek upp i seg endringar i talemålet. I røyndi er det jo tvert motsett, både når det gjeld ljodverk, formverk og ordtilfang.

Men når Johansen går vidare til å dryfta kvifor endringane i nynorsken i detta hundreåret kom, tek han i miss. For å syna kvar han tek feil, lyt me først sjá litt på kvifor Aasen valde som han gjorde då han utforma si landsnorm. "I det store og det hele snakker folk norsk, hver med sitt nebb, i 1996 som i 1896", skriv Johansen. Skal me skyna noko som helst av språkarbeidet til Aasen, lyt me sjá litt nærmere på detta.

Då eg for eit par år sidan var på Færøyane, var det mesta klin umogleg å få færøyingar til å tala færøyisk - i staden nyttta dei eit språk som til forveksling likna vanleg tala bokmål - ein slags "finålesundsk" med litt tysk aksent. Det einaste som skilde detta talemålet, som vart kalla "gøtadansk" frå talt bokmål var sume danske ord. Det var altso eit "bokmål med "halvtreds"" - men ikkje "sjovt og skækt". Det er ingen grunn til å tru anna enn at "finbergensk" eller "kalfarbergensk" var umlag same målet då Aasen fekk reisestipendet sitt som i dag - eit mål som historisk har nett same framvoksteren som gøtadansken. Les ein "fortale til Norsk Gramatik" eller "Minningar frå Maalstriden um hausten 1858" går det heilt tydeleg fram at Aasen meinte at kalfarbergensk og dei andre norske "högare talemåli" ikkje var norske. Dei var norske uttalevariantar av det sams norsk-danske skriftmålet. I den grad Aasen hadde rett i at málkløyvingi i Noreg var eit nasjonalt skilje millom norsk og dansk, gjeld soleis detta den dag i dag.

Aasen ville altso laga eit norsk skriftmål i staden for det rådande, som fanst både som skrive og talt språk. Sidan Johansen ikkje tek stilling til detta, forkludrar han kva som ligg til grunn for endringane i nynorsk skriftmål i nyare tid. Johansen hevdar her at: 1. Grunnen til at Aasen-

normi vart endra, var at ho var *for* historisk 2. Aasen ynskte at landsmålsnormi skulle avspeglar so mykje som mogleg av norsk målsoge attende til høgmillomalderen 3. At formverk og ordtilfang i Aasen-målet i røynda låg langt unna folk sin målbruk og at 4. På grunn av alt detta vart nynorsknormalen so langt unna vanleg talemål at han laut endrast..

Eg vil freista syna at denne tankerekka ikkje held, men er ei ukritisk attgjeving av myten um at Aasen-normalen var "født med rynker". I fyrste umgang verkar det nemleg som um Johansen her må ha rett, avdi dei aller fleste vil vera samde når han skriv at "resultatet av dette er at tekster skrevet på eller i nærheten av Aasens opphavelige normal faktisk er vanskeligere tilgjengelige for moderne leser, om de så har hatt nynorsk eller bokmål på skolen, enn tekster skrevet på skriftdansk av forfattere som Kielland, Ibsen og Sivle." Med andre ord: Dei fleste synest det er vanskelegare å lesa tekstar skrive på det målet eg og Arne Horge nyttar enn målet til Knut Johansen. Detta er truleg sant - men har detta noko med talemål å gjera?

Aasen valde skrivemåtane *upp* og *um*, der norske målføre hev uttalen upp/opp eller um/om/øm (og "høgare" talemål åpp og åm). Ved fyrste augekast kann det sjå ut som um det er ei tilpassing til talemålet til fleirtalet at nynorskrettskrivingi i dag hev "om" og "opp". Ser me på "ord av same slag", ser me at detta er ei kortslutning - der talemålet hev "om", hev ein likeeins "dom", der talemålet hev "opp", hev ein likeein "doppe" (duppe). Aasen sitt system er "same skrivemåte for same ljud i talemålet" - "om" og "dom" skrivast med *u*. Der Aasen skriv "ynskje" vil mange i dag skriva "ønskje". Men óg her vil me ved nærmere ettersyn sjå at detta ikkje er ei tilpassing til "talemålet": Uttalen "ønskje" vil til vanleg vera knytt til uttalevariantar som "løkt" (lykt) og "løst" (lyst), som framleis vert skrivne med *y*. Aasen skriv "ei lid", der me i dag skriv "ei li". Men me skriv framleis "ei tid" og "ein spade" - sjølv um norske målføre her jamnt hev "ti" og "spae".

Endringane i nynorsk er soleis ikkje ei tilpassing til systemet i moderne norsk talemål. Endringane fylgjer systematisk dei historisk tilfelleg valde skrivemåtane i bokmål. Johansen si forkláring av endringane i nynorsk skriftmål held rett og slett ikkje. Endringane i nynorsken kom ikkje avdi "brukarane" upplevd norma som upraktisk - men kom i hovudsak i form av to nye rettskrivingar - i 1938 og 1959 - som var resultat av eit medvite statsiningrep som skulle føra fram til eit sams, norsk skriftspråk.

Kvífor ser ikkje Johansen desse veikskapane i eigi tankerekka? Truleg avdi han ikkje hev fått med seg kvífor Aasen laga ei norm bygt på

historiske prinsipp. Grunnen til detta var i hovudsak *ikkje* at Aasen ynskte at landsmålet skulle "avspeile så mye som mulig av norsk språkhistorie". Grunnen var at Aasen ynskte å laga *ei* fast norm for ymsande talemål. Då laut han gå historisk til verks - noko som er lett å syna. Johansen tek sjølv upp skrivemåten *rd*. Denne skrivemåten nyttar Aasen der austnorsk hev tjukk l, vestnorsk r. På detta viset skil skriftbiletet i nynorsk der du hev skilje i austnorsk eller vestnorsk: Austnorsk: Gjera/gjela vert skrive "gjera/gjerda" mot vestnorsk uttale "gjera" i bæt tilfelli. Likeeins der austnorsk hev "bol" og vestnorsk hev "bol"/"bor" fær Aasen fram skilnaden med skrivemåten *rd*; Bol, bord. Den historiske skrivemåten "rd" er soleis *ikkje* ljudrett - men systemrett etter norske målføre.

Eit anna døme: Aasen skriv "galen" der målføri hev galen, galn, "gærn" (og Tron Øgrim skriv gærn). Ogso detta er einaste logiske skrivemåten - sjølv um folk som hev uttale med tjukk l lett mistyder eigen uttale her. Å skriva med "r" for å syna uttalen med tjukk l ("gærn") er meiningslaust, nett som å skriva "spærn" for rumpa til spelsauen. Aasen sin skrivemåte er soleis langt meir dekkande for Oslo aust (og resten av landet) enn Øgrim sin. So nytta jo Aasen ein del tid på å undersøkja saki.

Kvífor hev so nynorsken endra seg etter mynster frå det andre skriftmålet, og kvífor hev *ikkje* folk teke i bruk det skriftmålet som er systemrett (men *ikkje* ljudrett) etter eige målføre. For å skyna detta, trur eg det er lite brukande å ta utgangspunkt i "moderne talemål", som Johansen gjer. I staden trur eg det kan løna seg å sjå på kva status skriftmålet hev hatt i ein munnleg folkekultur. At folk gjekk imot å byta ut "det språket Jesus selv snakka" er ein ting. Ser me på skrivemåten for gardsnamn, ser me at på kartet (og i munnleg tale) vil det heite "Øygard", medan ein i telefonkatalogen finn "Ødegård". Likeeins vil "Litlrauvatnet" verta "Lillerødvann" når folk fær velja skrivemåte sjølve. Denne sterke, folkelege tilknyttingi til det danske skriftmålet - og alt skrifleg - gjekk særslangt. Heime gløynde ein kall kva namn dei hadde vorte samd um då namnet skulle skrivast i kyrkjeboki, og fekk difor to døtre med nett same namn. Å fara attende og retta upp kom *ikkje* på tale: Det som var skrive, det stod. Skrivemåten "Annwei" for "Annveig" syner vel kor langt respekten for prestedansken kunne gå heilt upp i vår tid. Upp mot skriftdansken sin status som "heilag skrift" i ein ikkjeskriftleg folkekultur kunne nynorsken berre tevla ut frå nasjonal legitimitet då den norske nasjonalstaten tok form: Han vart bore fram av ei kulturnasjonalistisk rørsla av same slag som på Færøyane og Island. Og det verkeleg interessante å sjå nærrare på er vel kvífor nynorsken - som var eit langt mindre historisk, og langt meir ljudrett

skriftmål enn moderne færøyisk og islandsk - kom därlegare ut i tevlingi enn desse to skriftmåli. Det kann ikkje vera - som Johansen freistar som forklaring - at nynorsken leksikalt er meir talemålsfjernt enn bokmål: Ogso her er nynorsken langt meir open for "framandord" i vanleg daglegtale enn islandsk og færøyisk. Det som stend att, er at den norske uttalevarianten av dansk greidde vinna nasjonal legitimitet, motsett "gøtadansken" på Færøyane og det tilsvarande kreolspråket på Island. Når Johansen konkluderer med å hevda at "det finnes ikke noe grunnlag for å framheve nynorsk som et bedre skriftspråk enn andre", er eg difor berre samd eit stykke på veg. Sjølvsagt er ikkje nynorsken "betre" enn nasjonalmål som hev vakse fram anten på same eller på andre vis - um ein talar um svensk, finsk, færøyisk eller islandsk. Men for å vurdera um nynorsken er "betre" enn alternativet, kjem me ikkje utanum å vurdera kva norsk mål eigentleg er for noko. Her er eg redd Noreg hev vald det därlegaste av fleire alternativ: I staden for å fylgja Bjørnson, og skriva same målet frå Nordkapp til Sønderjylland, og i staden for å fylgja Aasen, og byggja skriftmålet på systemet i norske målføre, hev me fått eit dominerande skriftmål som korkje held i hevd skriftmålsfellesskapen med Danmark eller er serleg brukande for å halda i hevd språksystemet i norske målføre. Og den målpolitiske retningi som skulle byta ut desse alternativi - samnorsken og det "radikale" bokmålet - er steind daudt, i "Klassekampen" liksovel som alle andre stader (Um so Øgrim hev funne løysingi på den norske målstriden - dialektisk - med å skriva nett som *han* snakkar).

ORTOFONIEN - EI SNIKANDE GIFT?

I ein kronikk (27/2) gjekk eg til felts mot lydskriftsideologien (ortofonien) som tener til å avleia merksemda frå bokmålsveldet ved å stilla utopiske krav om lydrett skrift til det nynorske opposisjonsmålet. Eg framheva sosiale og historiske sider ved målstoda og den kulturelle undertrykkjingga, og la vekt på indre samanheng i målet. Eg stødde jamvel Olav Randen mot Knut Johansen i kravet om eit nært samband mellom talet(a) og skriftmålet (sjølv om eg meiner ortofonien øydelegg dette sambandet). Randen manar meg likevel i eit av mange einsidig ortofonistiske innlegg til å ha fleire tankar i hovudet samstundes. Men problemet er vel snarare at me er usamde enn at eg berre har éi hjernecelle i drift (medan Randen hevdar å ha minst to).

Vitug ortofoni er ein naudsnyt dimensjon i skriftmålet, men i Noreg er det den rådande rettskrivingsideologien. Difor slår eg eit slag for dei andre perspektiva (målsoga og strukturane i målføra) mot skadeverknader av ortofon purisme. (Mrk: i Noreg, ikkje Frankrike!) Døme på slike perspektiv: Nynorsken har eitt system i *frose-skote-foke* (evt -i), bokmål har tre: *frosset-skutt-føket*. Dialektane har (hadde) stort sett eitt system kvar *frås(s)e-skåt(t)e-fák(k)e* (ofte ø for å), *fysi-skyti-fyki*. Dialektane er historisk sett ulike representasjonar av same systemet; det nynorske som Aasen sette opp. Ein ortofonist ville anten sett opp ørten ulike lydrette realiseringar av systemet eller valt det mest utbreidde - som med tida og undertrykkjingga kan verta dei bokmålsformene som Aasen forkasta pga den rotne sosialhistoria.

Randen hevdar no at 100% ortofoni er noko eg tillegg han, samstundes som han gjer det snevre lydskriftsperspektivet overordna. Den monomane ortofonien hjå Randen gjer at skriftbilete vert hovudårsaka til dårlig skrivekunne i det franske folket, medan elitistisk kultur tufta på klasseskilje og skeiv sosial rekruttering til dei skiftlærdes rekkrer knapt nok vert ei fylgle.

Eg trur heller på ein vekselverknad, der samfunnsvilkåra er dei primære. Lingvisten Alf Sommerfelt, som står seg til Meillet, skriv i 1934: "(klasseforskjell) ... vil avmerke sig i sproget .. Særlig i land med gammel, fast administrasjon og høi kultur kan forskjellen bli merkbar idet skriftspragtradisjonen holdes oppe av de ledende klasser (mi uth.); .. Dette er tilfelle i de store vest-européiske kulturstater, særlig kanskje i Frankrike hvis litterære sprog har nådd en usedvanlig kunstnerisk høide." Franskmannen "skjelver for den setning han betror papiret. Sprogets rolle som klasseskilende faktor vil naturligvis bli særlig følbar der hvor de herskende klasser taler et helt annet sprog enn de lavere." (Bernard Ragvin trur slikt er nynorskpropaganda. I KK 23/3 applauderer (?) han utreinsing av nynorsk skulemål i Telemark av di han er fornærma på Randen på vegner av det franske folket og skriftmålet. Det franske imperiemålet, som jamvel har kolonisert sitt eige land, treng ikkje forsvararar i Bø.)

I elitistiske klassesamfunn er skriftkulturen vanskeleg tilgjengeleg om skrifta er talet(a)sfjern. Men i den røynlege verda er *det same* tilfelle om skrifta er nokolunde ortofon, av di ho helst byggjer på talet(a) til overklassen - men først og fremst av di overklassen framleis er overklasse. Ortofonien er i praksis ein strategi som har gjort den herskande sosiolekten til skriftmålet til resten av folket. I Noreg sytte Knud Knudsen for at bokmålet kom til å byggja på "den alminnelige uttale av ordene i de dannedes munn". Dei europeiske imperiemåla speglar talet(a) til eliten på eit eldre språksteg. Eit ortofont nasjonalmål i eit klassesamfunn vil alltid vera klassemerk, og ortofone